



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 26.03.2019 kl. 15:15-16:30

Stad: ASKVOLL

---

### Møtande medlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar (møteleiar)
Terje Mork	Medlem
Leif Jørgen Leknes	Medlem
Reidar Andreas Knapstad	Medlem
Ingvild Loftheim	Medlem
Aud Eldrid Frøholm	Medlem
Arne Fedøy	Medlem
Else Stølen	Medlem
Arne Martin Tjugum	Varamedlem

---

### Forfall:

Jostein Gryte	Leiar
Halldis Rørvik	Medlem
Anne Grethe Lien	Medlem
Harriett Norstrand	Medlem

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2019/18		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2019/19		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 26.02.2019	RUNE ZIENER
SR 2019/20		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2019/21		Trusopplæringsplan - justering	RUNE ZIENER
FR 2019/22		Årsmelding og årsrekneskap 2018	RUNE ZIENER
FR 2019/23		Askvoll kyrkjegard. Ny driftsbygning	RUNE ZIENER

Askvoll, 26.03.2019

Rune Ziener  
Referent

---

## **SR 2019/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **UTGREIING**

#### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

#### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden slik dei ligg føre.

---

## **SR 2019/19 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 26.02.2019**

### **UTGREIING**

#### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 26.02.2019 som den ligg føre.

#### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte i Askvoll sokneråd 26.02.2019 som den ligg føre.

---

## **SR 2019/20 Skriv, meldingar og drøftingar**

### **UTGREIING**

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

- M 2019/08: Gudstenesteliste juni til september 2019.  
M 2019/09: Soknepreststillinga

#### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

#### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

---

## SR 2019/21 Trusopplæringsplan - justering

### UTGREIING

Gjeldande trusopplæringsplan for Askvoll vart godkjent i 2013.

I mars 2019 vert det gjennomført eit trusopplæringsstiltak (Kirkerotteteatret), som ikkje er del av gjeldande plan. Tiltaket er vedteke finansiert med trusopplæringsmidlar, og ein bør innarbeide tiltaket i gjeldande trusopplæringsplan for soknet. Ein bør ha som mål å gjennomføre tiltaket årleg, dersom ein har økonomi til det.

Biskopen har godkjenningssmynde når det gjeld lokale trusopplæringsplanar.

Kyrkjeverja har utarbeidd følgjande forslag til delplan for tiltaket:

#### Kirkerotteteater

##### Tiltakstype

Kirkerotteteater

2019: Kirkerottene og Lea Mus

Tema: Sauen som ble borte - og funnet igjen

##### Omfang

Antall samlinger/samvær: 1

Totalt antall timer: 1

Totalt antall timer samlet for målgrupper: 1

##### Aldersgruppe

3, 4, 5 og 6 år

##### Ansvarleg

Trusopplæringsmedarbeiter, uløna medarbeidere

##### Mål - Kva er føremålet med tiltaket?

Barnet lærer kristne songar og bøner.

Barnet opplever eit trygt fellesskap.

Barnet og foreldre/føresette opplever tryggleik i møte med trua.

Foreldre/føresette lærer songar og bøner, og kan vidareføre trusopplæring i heimen.

##### Kommentarar

##### Tema/innhald: Livstolkning og livsmeistring

I alle teaterstykkena er mellommenneskelige temaer sentrale. Årets stykke handler om spørsmål som: Kva er sant og viktig? Kven er eigentlig min neste? Det tek opp sentrale dimensjonar ved menneskelivet som venskap og relasjonar, godt og ondt, rett og galt, tilgjeving og forsoning. Teaterstykket utfordrer barna til etisk refleksjon og handling. Skal ein hjelpe ein framand, ein som til og med kan vere farlig?

##### Tema/innhald: Kyrkjas tru og tradisjon

Under avsnittet «Kyrkja» skal barn og unge få kunnskap og kjennskap til kyrkja dei høyrer til. Dette er eit hovedelement i alle styrkene med Kirkerottene. Kirkerottene viser gjennom sang og samtale at dei trivst i kyrkja – Guds hus. Dei er heime der.

I dette teaterstykket lærer barna at alle er like verdifulle. Die blir kjent med forteljinga om Den miskunsame samaritan. Bøn er også et sentralt tema. Kveldsbønen er med i alle teaterstykka.

#### **Tema/innhald: Kristen tru i praksis**

Her er bøn, sang, musikk og kultur nevnt spesifikt. Stykket inneholder vidare mange songar som gir barna høve (ved å lære seg dei) til å uttrykke seg sjølv. Uttrykk for tru, tryggleik, undring og glede er sentralt i sangene i teaterstykken. Dette er eit viktig moment under hovudtema «Kristen tru i praksis». Aktiv deltaking er også eit moment her. I alle teaterstykka blir barna inviterte til å gje respons underveis, og til å vere med å synge aftensang/kveldsbøn underveis i stykket. Det er den samme kveldsbønnen som vert gjenteke i stykkene: «Når en lang dag er over». I årets stykke er diakoni – nestekjærlighet et gjennomgående tema.

#### **Arbeidsmåtar**

Barnet blir saman med foreldre/føresette og besteforeldre invitert til dokketeater i kyrkja.

Barnet får ilag med trygge vaksne, lov til å oppleve kyrkjerommet.

Barnet deltek aktivt gjennom aftensang og kveldsbøn.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd innarbeider «Kirkerotteteateret» i gjeldande trusopplæringsplan for Askvoll sokn, med delplanbeskrivelse som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.

2. Melding om vedtak vert oversendt til biskopen.

## **MØTEHANDSAMING**

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd innarbeider «Kirkerotteteateret» i gjeldande trusopplæringsplan for Askvoll sokn, med delplanbeskrivelse som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.

2. Melding om vedtak vert oversendt til biskopen.

## FR 2019/22 Årsmelding og årsrekneskap 2018

### UTGREIING

Etter Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den norske kirke § 5-1, 4. ledd, skal rådet sjølv vedta årsrekneskapen, og vedtaket skal angi disponering av evt. mindreforbruk/dekking av evt. meirforbruk.

Årsrekneskapen 2018 for Askvoll sokn er lagt fram av kyrkjeverja 14.03.2019.

Totalt har ein eit meirforbruk (underskot) i driftsrekneskapen på kr 72.799,-.

Kyrkjeverja tilrår at meirforbruket vert dekka inn i rekneskapsåret 2019 ved bruk av ubunde fond. Om ein gjer det vil ein nesten bruke opp dei ubunde fonda, og kun ha igjen kr 1.914,-.

Budsjettjustering		Utg. opp/ innt.ned	Utg.ned/ innt.opp
35300.200.04100.000.000.0	Inndekking av tidlegare års rekneskapsmessige meirforbruk	72.800,-	
39400.200.04100.000.000.0	Bruk av ubunde fond		-72.800,-
	Sum	<u>72.800,-</u>	<u>-72.800,-</u>

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap og årsmelding som dei ligg føre i forslag frå kyrkjeverja.
2. Meirforbruket i driftsrekneskapen vert dekka inn i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

### MØTEHANDSAMING

Kyrkjeverja sette fram følgjande forslag om nytt punkt 3 i møtet:

3. Soknerådet set opp årsmøte etter gudstenesta i Askvoll kyrkje 30.06. kl. 1500.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap og årsmelding som dei ligg føre i forslag frå kyrkjeverja.
2. Meirforbruket i driftsrekneskapen vert dekka inn i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
3. Soknerådet set opp årsmøte etter gudstenesta i Askvoll kyrkje 30.06. kl. 1500.

---

## FR 2019/23 Askvoll kyrkjegard. Ny driftsbygning

### UTGREIING

Ny driftsbygning til Askvoll kyrkjegard har vore del av utbyggingsprosjektet som vart gjennomført i 2015-2017. Det er imidlertid ikkje før 2019 ein får investeringsmidlar til slik driftsbygning.

Teikningar (plan/snitt/fasade) er utarbeidd i 2006 av Edvin Helle AS, og sjølve driftsbygningen er på ca. 70m<sup>2</sup> og inneheld garasje/reidskapsdel, dusj, wc og garderobe/oppholdsrom.

Ein bør no komme i gang med resterande planlegging av prosjektet, få på plass nødvendig byggeløyve, utarbeide anbodsdocument og gjennomføre anbodskonkurranse og skaffe byggeleiing.

For å komme i gang med prosjektet, bør ein innhente tilbod på desse tenestene.

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd innhenter tilbod på konsulenttenester til vidare planlegging, byggeløyve, gjennomføre anbodskonkurranse og ha byggeleiing på prosjektet med ny driftsbygning til Askvoll kyrkjegard.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å velje tilbydar til desse tenestene.

### MØTEHANDSAMING

Følgjande forslag til nytt punkt 3 vart sett fram i møtet av Ingvild Loftheim:

3. Ein bør vurdere overbygde inngangsparti.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd innhenter tilbod på konsulenttenester til vidare planlegging, byggeløyve, gjennomføre anbodskonkurranse og ha byggeleiing på prosjektet med ny driftsbygning til Askvoll kyrkjegard.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å velje tilbydar til desse tenestene.
3. Ein bør vurdere overbygde inngangsparti.